

# ÅRSMØTE

## I NORDMØRE SPEL- OG DANSARLAG

15. mars 2009, kl. 1700 på Halså skule

---

11 medlemmar til stades.

### Sak 1 – Opning

Leiar Magnar Almberg ønskte alle dei frammøtte velkomen.

Det var ingen merknader til innkalling og sakliste, møtet vart dermed lovleg sett.

Som møteleiar vart Magnar Almberg valt, og som referent vart Arnstein Brevik valt.

Rolf Holte og Torgeir Bergfald vart valt til å skrive under møteboka.

### Sak 2 – Årsmelding for 2008

Magnar A. la fram årsmeldinga for 2008. Etter at nokre komma vart sett inn her og der, vart årsmeldinga samrøystes godkjent. (Sjå vedlegg til protokollen)

### Sak 3 – Rekneskap for 2008

Peder Hønsvik gjekk gjennom både drifts- og kappleiksrekneskapen. Det var ein del spørsmål til nokre av postane, men det kom ikkje fram noko som gav grunn til alarm. Rekneskapen vart så samrøystes godkjent.

### Sak 4 – Innkomne saker

#### a) Vedtektsendring.

Sekretæren la fram eit utkast til nye vedtekter. Endringane gjekk i korthet ut på namneskifte på laget (tilbake til namnet frå 1932, Nordmøre spelmannslag), og at ”dansardelen” i dei gamle vedtektene går ut. Elles var det lagt opp til at årsmøtedato og bestemmelsane om kunngjering av årsmøtet skulle justerast noko.

Det vart ein del diskusjon rundt denne saken. Framlegget vart så teke opp til votering, og årsmøtet slutta seg samrøystes til dei nye vedtektene.

### Sak 5 – Arbeidsprogram for 2009

Musikalsk leiar Helge Husby gjekk gjennom forslaget til arbeidsplan. I tillegg til dei ordinære øvingane tek ein sikte på å delta på Nordmørstreffen i Foldfjorden på juni. Ein legg òg opp til eit eige ”Almhjell-program” på Meisingset og på Sunndalsøra til hausten. Styret, supplert med helge Husby og Rolf Holte, arbeider vidare med dette. Med visse småjusteringar (sjå vedlegg), vedtok årsmøtet plana samrøystes.

### Sak 6 – Kontingent

Satsane blir ikkje endra.

### Sak 7 – Budsjet for 2009

Årsmøtet gav styret fullmakt til å utarbeide budsjett.

### Sak 8 – Val

Valnemnda la fram forslag på attval av Magnar Almberg som leiar (1 år) og på Peder Hønsvik og Arnstein Brevik som styremedlemmar (2 år).

Desse vart samrøystes valt.

Vidare vart Jon Grimsmo attvalt som 1. vara til styret.  
Som revisorar vart Torstein Hamnes og Arve Heggdal attvalt.  
Valnemnd vart Helge Husby og Helga Eikrem.  
Årsmøtet delegerte til styret å finne utsendingar til ulike årsmøte og liknande.  
Alle val var samrøystes.

Dei tillitsvalte i Nordmøre spelmannslag blir dermed:

Leiar	Magnar Almberg	1 år
Nestleiar	Hilde Bergfald	1 år
Styremedl.	Jonny Reitan	1 år
	Peder Hønsvik	2 år
	Arnstein Brevik	2 år
1. vara	Jon Grimsmo	2 år
	Kirsty McKinnon	1 år
Revisorar	Torstein Hamnes	1 år
	Arve Heggdal	1 år
Valnemnd	Helga Eikrem	1 år
	Helge Husby	1 år

Møtet heva kl. 1900  
AB ref.

*Rolf Holte /s/*

*Torgeir Bergfald /s/*